



HERØY KOMMUNE
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Thomas Aurdal, 71 25 84 67

Vedtak med løyve - Tiltak i sjø - Herøy 38/301 - Paradisbukta - Eggesbønes - utfylling

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev Herøy kommune løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved gnr. 38 bnr. 301. Løyvet med vilkår fylgjer vedlagt.

Vi vedtek eit gebyr på kr 91 400 for sakshandsaminga.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal syner til søknad send inn 25.06.2025 om løyve etter forureiningslova til tiltak i sjø.

Vedtak

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjev med dette Herøy kommune løyve til utfylling i sjø ved Eggesbønes, gnr. 38 bnr. 292 og 301, i Herøy kommune. Løyvet er gjeve med heimel i Lov av 13.03.1981 om vern mot forurensning og om avfall(forureiningslova) § 11, § 16. Statsforvaltaren har ved avgjerda og ved fastsetting av vilkår lagt vekt på dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket samanheld med dei fordelar og ulemper tiltaket elles vil medføre. Det er sett vilkår for løyvet. Løyve med vilkår fylgjer vedlagt dette brevet.

Det kan gjerast endringar i løyvet i medhald av forureiningslova § 18. Endringane skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell søknad om endring må difor føreliggje i god tid før endringa ynskjust gjennomført.

At det er gjeve løyve fritenk ikkje frå erstatningsansvar for skade og ulempe eller tap forårsaka av forureining, jf. forureiningslova § 56. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Bakgrunn

Herøy kommune sende 25.06.2025 inn søknad om løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved Eggesbønes, gnr. 292 bnr. 301. Søknaden omfattar utfylling med om lag 300 000 m³ massar over eit areal på ca. 50 000 m² (65 000 m² med fyllingsfot). Det skal nyttast massar frå Kystverket sitt prosjekt med å betre farleia på strekninga Røyrasundet-Svædet. Planlagd oppstart er sumaren/hausten 2026, med ferdigstilling i 2027.



Høyring og innspel

Søknaden var på høyring til 25. august 2025. Den vart kunngjort i avisene Vestlandsnytt og Sunnmørsposten og på Statsforvaltaren i Møre og Romsdal si heimeside. I tillegg vart kopi send relevante høyringspartar med oppmoding om uttale. Det vart send inn berre ei uttale:

Fiskeridirektoratet (04.09.2025)

Fiskeridirektoratet uttaler seg for å opplyse saken med informasjon om fiskeri- og akvakulturinteressene i området, inkludert marint miljø og biologisk mangfald som er viktig for næringane.

I kartverktøyet *Yggdrasil* har Fiskeridirektoratet samla kartlag som viser viktige registreringar knytt til fiskeri- og akvakulturinteresser. I det aktuelle området er det registrert eit gytefelt for kysttorsk som er av vesentleg viktighet for bestanden av kysttorsk i regionen. Det er gjort funn av middels mengde egg, og analysar viser at egg vil haldast tilbake i området. Gytefeltet har difor verdi 5 av 6 på verdissetingsskalaen. Det er òg eit slakteri med ventemerd i sjø nær utfyllingsområdet.

Utfylling kan medføre spreiring av finpartiklar og miljøgifter i vatnet som kan gjeve negativ påverknad på gytesuksessen og på larver og yngel, og i tillegg på fisk i ventemerd. Ifylgje lokale fiskarar er perioden februar-mars viktig for gytinga i det aktuelle området, men ein må òg ivareta perioden etterpå med tidlege livsstadium.

Fiskeridirektoratet anbefaler at det settast vilkår om avbøtande tiltak som reduserer partikkelspreiing i tilknytning til utfylling av massar i registrerte gytefelt for kysttorsk. Dei anbefaler òg at det settast vilkår om at utfyllingsarbeidet ikkje kan gjennomførast i perioden 1. februar til 31. mai. I tillegg anbefaler dei at det settast vilkår om at tiltakshavar må koordinere utfyllingsarbeidet med planlagde mottak av slaktefisk ved akvakulturlokalitet Eggesbønes (driftast av MOWI).

Statsforvaltarens vurderingar

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal vurderer at det aktuelle tiltaket kan medføre forureining som kan gjeve vesentleg skade eller ulempe, og at det er naudsynt med eit løyve etter forureiningslova, jf. § 11. Vi har vurdert tiltaket etter bestemmingane i naturmangfaldlova § 8-12 og i vassforskrifta.

Spreiing av forureining og partiklar

Norconsult har utført miljøteknisk sedimentundersøking ved tiltaksområdet, jf. rapport med oppdragsnr. 5181198, datert 04.08.2018.

Prøvetaking vart utført i tre prøvestasjonar, der ein stasjon («S1») var på nordsida og to stasjonar («S2» og «S3») var på sørsida av Grønholmen. Prøvestasjonen «S1» viste ein TBT-konsentrasjon på 253 µg/kg, som er svært høgt (mange gongar overskriving av tilstandsklasse V, jf. Miljødirektoratets rettleiar M-608). Det vart òg funne koppar og fleire PAH-forbindingar i tilstandsklasse IV i denne stasjonen, i tillegg sink, arsen og PCB i klasse III. Prøvematerialet frå stasjon «S1» bestod ifylgje miljøkonsulenten av finkorna sand med innslag av finpartikulært sediment.

Prøvestasjonane på sørsida viste ei langt meir moderat forureining, med koppar og nokre PAH-forbindingar i klasse III. TBT vart påvist i klasse V, men likevel i langt lågare konsentrasjonar enn ved stasjon «S1».

På land nær tiltaksområdet er det i *Grunnforurensningsdatabasen* registrert eit område med mistanke om forureina grunn som fylgje av eit kommunalt deponi. Forureiningar frå deponiet kan ha spreia seg ut til sjøen.



Oppsummert indikerer Norconsult si undersøking at sedimenta på nordsida av Grønholmen er forureina i vesentleg grad med fleire forskjellige miljøgifter. Her er det òg innslag av finpartikulært sediment som kan vere sensitivt for oppvirvling og spreining ved utfylling med steinmassar. Det vart påvist langt lågare forureiningsnivå på sørsida. Det er viktig å unngå at miljøgifter frå det mest forureina området spreiar seg til mindre påverka stadar når det fyllast ut i sjø. Jf. vilkår 2.5 skal sjøbotnen i dette området dekkast til med ei «sandpute» før det fyllast ut med stein. Sandputa skal motverke oppvirvling og spreining under utfyllingstiltaket og vil òg uskadeleggjere miljøgiftene i området i eit langsiktig perspektiv.

For å kontrollere spreining av partiklar og miljøgifter under tiltaket skal det utførast turbiditetsmålingar, jf. vilkår 3.1-3.3. Program for turbiditetsmålingane skal sendast til Statsforvaltaren før tiltaket startast opp.

Plast og avfall

Marin forsøpling er ei utfordring langs Noregs kyst. Utfylling og andre tiltak i sjø kan medføre marin forsøpling ved mellom anna spreining av sprengtrådstar frå utfyllingsmassar.

I søknaden er det oppgitt at det skal nyttast reine massar frå Kystverket sitt prosjekt med å betre farleia langs strekninga Røyrasundet-Svædet til utfyllinga ved Eggesbønes.

I vilkår 2.4 i løyvet har vi stilt nokre krav til handsaminga av plast og anna avfall under tiltaket.

Naturmangfaldlova

Statsforvaltaren har vurdert tiltaket etter Lov om naturens mangfold (naturmangfaldlova) § 8-12. Som kunnskapsgrunnlag har vi nytta informasjon i søknaden og vedlegga til denne (jf. rapportar frå Multiconsult med dokumentkode 10262514-RIGm-NOT-001 og 10262514-RIGm-RAP.001, datert 07.02.2025). I tillegg har vi nytta tilgjengeleg informasjon i databasane GisLink og Fiskeridirektoratets kartdatabase og opplysningar i høyringsuttala. Vi finn at den føreliggjande kunnskapen er tilstrekkeleg til å handsame søknaden, jf. § 8, og finn ikkje grunn til å legge spesiell vekt på føre-var-prinsippet i denne saka, jf. § 9.

I GisLink-databasen er det ikkje registrert naturverdiar i sjølve tiltaksområdet. Naturtypen *ålegressenger og andre undervannsenger* er registrert ved Eggesbønesstraumen meir enn 400 m i retning nord. Om lag 1,3 km i retning vest er det registrert større tareførekomst med verdi «B». Om lag 900 m i retning søraust er det registrert eit større yngleområde for sjøfugl. Vidare er det registrert beiteområde for sangsvane i Bussvågen om lag 500 meter nordaust for tiltaksområdet. Ifølgje Norconsults miljørapport er det òg observert makrellterne, som er ein art av særleg forvaltingsinteresse, i Eggesbøvågen, men det er ikkje registrert at terna hekker der. Undersjøiske naturverdiar som ålegrasenger og tareførekomstar er sårbare for nedslamming frå tiltaksarbeid i sjø, men avstanden til tiltaksområdet er vesentleg. Ved overvaking av tiltaket med turbiditetsmålarar, jf. vilkår 3.1-3.3, skal partikkelspreiing frå tiltaket kontrollerast.

Det er registrert eit stort gytefelt for torsk i Herøyfjorden som òg omfattar tiltaksområdet. Feltet reknast som regionalt viktig og har «middels» egg og stor retensjon av egg. Utfylling i sjø kan medføre partikkelsprediing, blakking av sjøvatn, undersjøisk støy og liknande som kan gjeve negativ påverknad på torskens gyting, og også på dei sårbare tidlege livsstadia som fylgjer etter gytinga. Gytefeltet er gjeve gytefeltverdi 5 av 6 og er betrakta som eit viktig gytefelt for kysttorsken, jf. Fiskeridirektoratets høyringsuttale. Også i Norconsults rapport er det anbefalt å ta høgde for gytesesongen til torsken når det gjennomførast tiltak som kan gjeve auka turbiditet og spreie



forureiningar i vassmassane, samd at det er nemnd i planføresegnene. Fiskeridirektoratet reknar den sårbare perioden med gyting og tidlege livsstadium som perioden frå 1. februar til 31. mai. Dei anbefalar at det ikkje utførast utfylling i sjø i denne perioden. Det settast som vilkår i løyvet, jf. 2.6, at det ikkje skal utførast utfylling i sjø i denne perioden.

I ein avstand på frå om lag 400 meter til tiltaksområdet i retning sør og søraust er det registrert større felt for fiske med aktive og passive reiskap. Her fangast det sjøkreps med teiner og reke med reketrål samt torsk med settegarn. Lokale fiskarar/fiskarlag må varslast i god tid før utfyllingsarbeid.

Det er registrert ein akvakulturlokalitet berre litt over hundre meter unna tiltaksområdet. Dette er MOWI ASA sitt sjøbaserte anlegg for laksefisk. Det er ikkje fleire akvakulturlokalitetar i området. Fisk i merd vil være sårbar for partikkelspreiing. Fiskeridirektoratet anbefalar i høyringsuttala si at utfyllingsarbeid i området koordinerast med planlagde mottak av slaktefisk ved MOWI sitt anlegg. Det settast som vilkår i løyvet, jf. 2.7, at tiltakshavar må syte for at utfyllingsarbeid i sjø koordinerast med aktiviteten på akvakulturanlegget. Vidare skal det så lenge det er naudsynt nyttast siltgardin som hindrar spreiding av partiklar i retning anlegget.

Etter § 10 i naturmangfaldlova skal ein påverknad på eit økosystem alltid vurderast ut ifrå den samla belastninga som økosystemet vert utsett for. Det aktuelle området har eit vesentleg preg av menneskeleg aktivitet, med hamner og industriverksemder. Med dei avbøtande tiltaka som er pålagt gjennom løyvet, vurderer vi at det aktuelle tiltaket ikkje vil gjeve eit uakseptabelt stort bidrag til den samla belastninga på naturverdiane i området.

Etter § 11 i naturmangfaldlova skal tiltakshavar dekke kostnadane ved å hindre eller redusere eventuell skade på naturmangfaldet i tiltaksområdet dersom dette ikkje er urimeleg med utgangspunkt i tiltakets karakter og den aktuelle skaden. I denne saka finn Statsforvaltaren det rimeleg at tiltakshavar får gjennomført og dekke eventuelle kostnader av dei avbøtande tiltaka slik dei er skildra i løyvet. Dei avbøtande tiltaka er òg i tråd med § 12 i naturmangfaldlova, der det settast krav til bruk av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar for å unngå eller redusere skadar på naturmangfaldet.

Vassdirektivet

Tiltaket skal utførast mellom vassførekomstane *Eggesbønesstraumane – Eggesbøvåg*, som har ID 0301011600-3-C i *Vann-nett-databasen*, og *Herøfffjorden – Røyrasundet*, som har ID 0301011700-3-C.

Eggesbønesstraumane – Eggesbøvåg har registrert «god» økologisk tilstand med «lav» presisjon, men ikkje klassifisert kjemisk tilstand. Det er ikkje lagt inn moglege kjelder til påverknad på førekomsten, men det står at området er industriprega og at det er fleire potensielle kjelder.

Herøfffjorden – Røyrasundet har registrert registrert «god» økologisk tilstand med «høy» presisjon, men ikkje klassifisert kjemisk tilstand. Som påverknader er det lagt inn vegfyllingar og nærings- og organisk forureining.

Nye inngrep i ein vassførekomst kan, ifylgje *Forskrift om rammer for vannforvaltningen* (vassforskrifta), normalt ikkje tillatast dersom tiltaka vil medføre ei degradering av førekomstens status. På bakgrunn av vilkåra i løyvet vurderer vi det ikkje som sannsynleg at tiltaket vil medføre dette. Utfylling med ei stor mengde massar, inkludert sandpute, over sjøbotnen vil isolere forureiningane der.



Konklusjon

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal tillét utfylling i sjø med massar etter fastsette vilkår. På bakgrunn av vilkåra meiner vi at tiltaket ikkje vil medføre spreiding av forureining eller anna miljøulempe som er uakseptabelt stor samanheld med samfunnsnytta ved tiltaket.

Erstatningsansvar

Løyvet fritenk ikkje for erstatningsansvar for forureiningsskade etter forureiningslova § 10 og kapittel 8.

Vedtak om sakshandsamingsgebyr

Vi syner til vårt brev av 26.06.2025 med varsel om sakshandsamingsgebyr. Vidare syner vi til *Forskrift om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta) kapittel 39 om gebyr til statskassa for arbeid med løyve.

På bakgrunn av tid- og ressursbruken vår knytt til sakshandsaminga vert saka som varsla plassert under gebyrsats 5. Dette inneber at tiltakshavar skal betale eit gebyr på kr 91 400 for sakshandsaminga. Faktura vert send ut av Miljødirektoratet. Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadatoen.

Gebyrvedtaket kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker etter at dette brevet er motteke, jf. Forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør grunngjevast og skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Klaga får ikkje oppsettande verknad, og det fastsette gebyret må difor betalast i samsvar med det som er nemnd over. Dersom Miljødirektoratet aksepterer klaga, vil det overskytande beløpet verte refundert.

Forureiningsforskrifta er tilgjengeleg på www.lovdata.no.

Klagemoglegheiter

Vedtaket kan klagast på til Miljødirektoratet etter reglane i kapittel VI i forvaltingslova av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan tre veker frå avgjerda er motteke. Ei eventuell klage skal nemne kva det klagast over og den eller dei endringar som ynskjast. Klaga skal grunngjevast, og opplysningar som kan ha innverknad på saka bør nemnast. Klaga skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at iverksettinga av vedtaket vert utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eget initiativ avgjere at vedtaket ikkje skal settast i verk før klagefristen er ute eller klaga er avgjort, jf. § 42 i forvaltingslova. Avgjerda av spørsmålet om iverksetting kan ikkje klagast på.

Offentleggjing av løyvet

Vedtaket skal gjerast offentleg kjend, jf. § 36-11 i forureiningsforskrifta. Den som har fått løyve skal så snart som mogleg kunngjere dette i dagspressa. Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, kor ein kan få innsyn i saksdokumenta og opplysningar om klageinstans og frist for ei eventuell klage på vedtaket. Kopi av kunngjeringa skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan ein månad etter at løyvet er gjeve. I tillegg til kunngjering i dagspressa, vil Statsforvaltaren kunngjere vedtaket på si eiga nettside, www.statsforvalteren.no/More-og-Romsdal, under «Kunngjeringar»

Dette er vårt forslag til tekst ved kunngjering i dagspressa:



Herøy kommune får løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved Eggesbønes gnr. 38 bnr. 292 og 301. Det skal fyllast ut med om lag 300 000 m³ massar over eit areal på 65 000 m² (inkl. fyllingsfot) for å etablere kaiareal som skal nyttast til næringsføremål. Vedtak og løyve kan lesast på nettsida til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, www.statsforvalteren.no/Mr, under «Miljø og klima» og «Kunngjeringar». Vedtaket kan klagast på innan tre veker.

Datoar og fristar

- Vedtaket skal kunngjerast i dagspressa så snart som mogleg
- Det skal gjevast oppstartsmelding til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal når tiltaket settast i verk. Meldinga kan sendast til sakshandsamar på e-post thomas.aurdal@statsforvalteren.no.
- Løyvet er gjeldande til og med **31.12.2028**
- Målingar av kjemisk tilstand i sedimenta skal registrerast i databasen *Vannmiljø* innan 31.12.2025
- Sluttrapport i tråd med vilkår 4.1 i løyvet skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan seks veker etter at anleggsarbeidet er ferdig.

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)
underdirektør

Thomas Aurdal
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1

Løyve

Kopi til:

FISKERIDIREKTORATET

Postboks 185 Sentrum

5804

BERGEN



Løyve for Herøy kommune til utfylling i sjø ved Eggesbønes

Løyvet er gjeve i medhald av lov av 13.mars 1981 nr. 6 om vern mot forureiningar og om avfall § 11 jf. Det er sett vilkår etter forureiningslova § 16. Løyvet kan ikkje nyttast før det òg føreligg naudsynte løyve eller avklaringar etter plan- og bygningslova, hamne- og farvasslova og kulturminnelova.

Verksemda må avklare skriftleg på førehand med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal eventuelle endringar den ønskjer å gjere i forhold til opplysningar i søknaden eller under saksbehandlinga som kan ha miljømessig påverknad.

Løyvet gjeld frå **dags dato** og er gjelande fram til **31.12.2028**.

Bedriftsdata og informasjon om tiltaksområde

Bedrift	Herøy kommune
Lokalisering/gateadresse	-
Postadresse	Postboks 274, 6099 FOSNAVÅG
Org. nummer (bedrift)	964 978 840
Lokalitet for tiltaket	Eggesbønes
Koordinatar for tiltaket (UTM 32)	X: 326788, Y: 6914346
Gards- og bruksnummer for tiltaket	Gnr. 38 bnr. 292 og 301
Kommune tiltaket utførast i	Herøy

Statsforvaltarens referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse ¹
2025.0712.T	1515.0079.01	4
Løyve gitt:	Endringsnummer:	Sist endra:
11.09.2025	-	-
Arkiv: 2025/4458		

Christian Dahl (e.f.)
underdirektør

Thomas Aurdal
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Endring
-	-	-	-

¹ Miljømyndighetene sitt system for berekning av hyppigheita på frekvensbasert tilsyn, der risikoklasse 1 er høgast og 4 er lågast.



1. Verkeområde for løyvet

Løyvet omfattar utfylling med om lag 300 000 m³ reine massar i eit område på om lag 50 000 m² (65 000 m² med fyllingsfot) ved gnr. 38 bnr. 292 og 301 i Herøy kommune. Løyvet gjeld reine massar som er eigna til føremålet.

2. Utfylling i sjø

2.1 Det føresettast at tiltaket gjennomførast som angitt i søknaden send inn 25.06.2025 dersom ikkje anna går fram av løyvet, andre vedtak eller på annan måte er avklart med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

2.2 Statsforvaltaren skal varslast når arbeidet startast.

2.3 Utfyllingsmassane skal ikkje overskride konsentrasjonsgrensene tilsvarande tilstandsklasse II for sedimenter i samhøve med Miljødirektoratet sin rettleiar for klassifisering av metall og organiske miljøgifter i vatn, sediment og biota (M-608/2016). Massane skal samstundes ligge innanfor normverdiane fastsett i forureiningsforskrifta kapittel 2 vedlegg 1. Det er ikkje lov å nytte reaktive bergartar. Massane skal vere eigna til føremålet. Det er ikkje lov å fylle ut med massar dersom hovudføremålet er å kvitte seg med massane.

2.4 Det må utførast tiltak etter behov for å redusere spreiding av sprengtrådestar og anna avfall frå fyllmassane så mykje som mogleg. Tiltak kan vere utsortering i forkant av utfylling, bruk av lense eller oppsamling frå vassflata. Massar med høgt innhald av sprengtrådestar eller anna avfall som kan spreie seg i vatnet skal ikkje nyttast til utfylling i sjø.

2.5 Tiltaksområdet ved prøvestasjon «S1» (jf. Norconsults rapport) er forureina i vesentleg grad med miljøgifter og må dekkast til med ei «sandpute» beståande av eit lag på minst 0,3 meter finare massar før det fyllast ut med stein. Dette skal minimere faren for at forureina sediment på staden skal virvlast opp og spreia seg og skal òg uskadeleggjere miljøgiftene på sjøbotnen i eit langsiktig perspektiv.

2.6 Utfylling i sjø skal ikkje utførast i gyte- og tidleg oppvekstperiode for torsk frå og med 1. februar til og med 31. mai.

2.7 Utfyllingstiltak skal koordinerast med aktivitetane på MOWI sitt anlegg 30597 Eggesbønes for å unngå negativ påverknad på fisk i anlegget. Det skal så lenge det er naudsynt nyttast siltgardin som hindrar spreiding av partiklar frå utfyllingsarbeidet i retning av MOWI sitt anlegg.

2.8 Støy frå utfyllingsarbeida og/eller anleggstrafikk skal ikkje overskride grenseverdiane i rettleiaren "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging" (T-1442/2021).

2.9 Dersom det under arbeid i tiltaksområdet treffast på kulturminne under vatn som er verna etter kulturminnelova §§ 14 eller 4, skal arbeidet straks stansast, og Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum eller Møre og Romsdal fylkeskommune varslast omgåande, og avtale må føreliggje før arbeidet kan fortsettast.

3. Kontroll og overvaking

3.1 Det skal gjennomførast kontroll og overvaking av tiltaksarbeidet etter med eit kontroll- og måleprogram. Kontroll- og måleprogrammet skal inngå i verksemdas internkontrollsystem og skal vere i tråd med rettleiaren for turbiditetsmålingar Norsk Standard NS 9433:2017 *Turbiditetsovervåking av vannforekomster*. Programmet skal vere tilstrekkeleg omfattande til å avdekke eventuell uakseptabel



spreiing av forureining i tilknytning til tiltaket. Program for turbiditetsmåling med kart over planlagde målestasjonar med grunngjeving skal sendast til statsforvaltaren i god tid før arbeidet startast opp.

3.2 Under anleggsperioden skal det kontinuerleg gjerast målingar av:

- Turbiditet i minst ein referansestasjon i området som ikkje er påverka av anleggsarbeidet.
- Turbiditet i minst ein målestasjon nedstraums som er påverka av anleggsarbeidet og som, jf. NS 9433 «plasseres i den retningen fra tiltaket og i den dybden der man forventer at partikkelspredningen er størst, eller der de gir resultater som er relevante for beskyttelse mot den belastningen som økt turbiditet vil medføre».

3.3 Det skal settast ein grenseverdi for turbiditet (målt i NTU) over turbiditet på referansestasjonen som ikkje skal overskridast over ein periode på eit gitt tal på minuttar. Ved overskridingar av grenseverdien utover denne perioden, skal det settast i verk tiltak for å avklare årsakssamanheng. Dersom overskridinga skyldast interne tilhøve, skal arbeidet stansast med ein gong og naudsynte tiltak gjennomførast. Prosessen kan ikkje startast opp igjen før turbiditeten er nede på stabile nivå under grenseverdien. Rutinar og eventuelle tiltak skal skildrast i internkontrollen. Grenseverdi og varigheita av perioden den kan overskridast, skal nemnast og grunngjevast i overvåkingsprogrammet, som skal sendast til Statsforvaltaren i god tid før anleggsarbeidet startast opp.

3.4 Det skal førast logg over resultat frå overvakinga, og over mengder og tidspunkt for utfylling av massar. Loggen skal som eit minimum òg innehalde eventuelle overskridingar og korrigierende tiltak. Loggen skal vere tilgjengeleg ved eventuelle tilsyn.

4. Rapportering

4.1 Det skal sendast ein sluttrapport til Statsforvaltaren innan 6 veker etter at anleggsarbeidet er avslutta. Rapporten skal innehalde:

- Ei kort skildring av tiltaket og utførte avbøtande tiltak
- Resultat frå turbiditetsmålingar/overvakning
- Eventuelle overskridingar og korrigierende tiltak.

4.2 Utførte målingar av kjemisk tilstand i sedimenta (jf. Norconsults rapport med oppdragsnr. 5181198, datert 14.08.2018) skal registrerast i databasen *Vannmiljø innan 31.12.2025*. På nettsida til databasen finnast rettleiing og ei oversikt over kva parameter som skal registrerast.

5. Internkontroll, beredskap og varsling

5.1 Tiltakshavar skal med ein gong varsle Statsforvaltaren om alle unormale tilhøve som har, eller kan få innverknad på forureiningssituasjonen.

5.2 Tiltakshavar pliktar å ha eit oppdatert internkontrollsystem, jf. forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta) av 6. desember 1996. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda overheld krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene.

5.3 Tiltakshavar pliktar å gjennomføre tiltak for å unngå, eventuelt redusere risikoen for akutte utslepp frå alle aktivitetar knytt til dette tiltaket. Slike tiltak skal vere basert på ein systematisk gjennomgang av alle element i tiltaksaktiviteten.



5.4 Den ansvarlege skal sørgje for å ha den naudsynte beredskapen for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og redusere verknaden av akutt forureining for all verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskapen til den ansvarlege skal stå i eit rimeleg høve til sannsynet for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikten inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og redusere verknaden av ei eventuell forureining.

5.5 Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følgje av verksemda, skal den ansvarlege varsle i samhøve med *forskrift av 09.07.1992 om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning*. Melding om akutt forureining gjerast til brannvesenet, **telefon: 110**. Kystverket har vaktberedskap 24 timar i døgnet og får meldingar frå brannvesenet om akutt forureining.

6. Generelle vilkår

6.1 Forureiningsmyndigheitenes vilkår skal ikkje vere til hinder for at andre myndigheiter kan stille krav med heimel i anna lovgiving.

6.2 Tiltakshavar er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert overheld. Tiltakshavaren pliktar å orientere dei som skal gjennomføre tiltaka om dei vilkåra som gjeld, og om dei restriksjonane som er lagt på arbeidet.

6.3 Forureiningsmyndigheta, eller dei den gjev mynde til, skal til ei kvar tid ha tilgjenge til området for inspeksjon.

6.4 Statsforvaltaren kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet, sette nye vilkår, og om naudsynt trekke løyvet attende, dersom føresetnadar gitt etter forureiningslova § 18 er til stades. Statsforvaltaren har på det same grunnlaget rett til, på eit kvart tidspunkt, å stanse arbeidet.

6.5 Dersom det viser seg at dei miljøbeskyttande tiltaka ikkje verker som føresett i vilkåra, kan den ansvarlege med ein gong verte pålagt å sette i verk ytterlegare tiltak.